

# EIGEDOMSINNGREP

Føresegner om eigedomsinngrep  
til vegformål etter veglova §50



# EIGEDOMSINNGREP

Føresegner om egedomsinngrep  
til vegformål etter veglova §50



STATENS VEGVESEN

## HANDBØKENE I STATENS VEGVESEN

Dette er ei handbok i vegvesenets interne handbokserie – ei samling fortløpande nummererte publikasjonar som først og fremst skal tene som praktiske hjelpemiddel for den enkelte tenestemannen, når dei ulike arbeidsoppgåvene innan etaten skal utførast.

Det er den enkelte fagavdelinga i Vegdirektoratet som har hovudansvaret for å utarbeide og ajourføre handbøkene. Dei daglege fellesfunksjonane som følgjer med å gå ut handbøker, blir ivaretekne av det sentrale handboksekretariatet.

Vegvesenets handbøker blir gjevne ut på 3 nivå:

Nivå 1 – Grå botnfarge på omslaget – omfattar Lover, Avtalar og Forskrifter/Føresegner som blir godkjende/vedtekne av overordna myndighet eller Vegdirektoratet etter fullmakt.

Nivå 2 – Orange botnfarge på omslaget – omfatter Normalar og Retningslinjer – som blir godkjende/vedtekne av Vegdirektoratet.

Nivå 3 – Blå botnfarge på omslaget – omfattar Rettleiingar, Lærebøker og Vegdata – som blir godkjende av avdelingane i Vegdirektoratet.

Forskrift/Føresegn – Teknisk eller administrativ regel som blir fastsett av offentlig myndighet med heimel i lov og som blir bindande innanfor eit bestemt virkeområde.

### EIGEDOMSINNGREP

Nr. 086 i vegvesenets handbokserie

Sats og trykk: LOBO AS, Oslo

Skrift: Times 9/11

Opplag: 3 000

ISBN: 82-7207-096-0

## FORORD

Veglova § 50 har etter endring ved lov av 29. mai 1981 nr. 39, denne ordlyden:

«Mot vederlag etter skjønn til den det råkar, kan eigedomsinngrep settast i verk etter vedtak av vegstyremakta så langt ho finn at det trengs til bygging, utbetring, vedlikehald og drift av riksveg, fylkesveg eller kommunal veg. Slikt eigedomsinngrep kan òg gjelde grunn og rettar til bate for tredjemann så langt det trengs for vegen eller ferdsla på vegen eller for å skaffe tredjemann tilgjenge til offentlig veg.

Til bate for ein som lyt tola eigedomsinngrep etter første leden, kan vegstyremakta gjere vedtak om at det skal gjerast eigedomsinngrep hjå ein annan eigar eller rettshavar, så framt skaden eller ulempene då alt i alt vert monaleg mindre.

I vedtak om eigedomsinngrep kan vegstyremakta heilt eller delvis overlate til skjønnet å ta avgjerd om kva inngrepet skal gå ut på eller kva omfang det skal ha. Skjønnet kan då òg gjere vedtak etter andre leden i paragrafen her. Skjønnet kan fastsette at det ved eigedomsinngrep etter denne paragrafen skal ytast grunn som vederlag for grunn og rettar som blir avstått.

Kongen kan gi føresegner om saksføreavinga etter paragrafen her.»

Etter lovendringa har Samferdselsdepartementet i brev av 20. oktober 1981 stadfesta ei tidlegare delegering dagsett 20. januar 1965 som overførte heimelen til å gjere vedtak etter veglova § 50 for riksveg til vegsjefane. Departementets brev har denne ordlyden.

«Med heimel i veglova § 9 delegerte Samferdselsdepartementet den 20. januar 1965 styremakt til å gjere vedtak etter veglova § 50 for riksveg til vegsjefane.

Som det går fram av kommentarane til § 1 i føresegnene til veglova § 50 står delegasjonen ved lag og gjeld etter den nye lovteksten.

Etter at veglova § 50, ved lov av 29. mai 1981 nr. 39, er blitt endra, og det ved kgl. res. av 11. september 1981, med heimel i veglova § 50, fjerde ledd, er fastsett nye føresegner om føreavinga ved eigedomsinngrep til offentlig veg, stadfester Samferdselsdepartementet at vegsjefen i vedkomande fylke framleis har heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep for riksveg etter veglova § 50.»

Kven som har heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep for fylkesveg og kommunal veg, følgjer av veglova § 9, andre og fjerde ledd. Styresmakta kan vere delegert etter føresegnene i lova.

I denne samanhengen kan det nemnast at Samferdselsdepartementet den 6. april 1981 delegerte styremakt til å krevje jordskifte ved bygging, utbetring, vedlikehald og drift av riksveg til vegsjefane. Vedtaket har denne ordlyden:

«Samferdselsdepartementet har i dag under henvisning til veglovens § 9, første ledd besluttet å delegere myndighet til å krevje jordskifte etter § 5, fjerde ledd i lov nr. 77 av 21. desember 1979 om jordskifte o. a. til vegsjefane.»

Den 29. oktober 1981 overførte Samferdselsdepartementet heimelen til å stadfeste eigarforholdet til riksveggrunn etter delingslova § 4-1, tredje ledd, og tinglysingslova § 38b, bokstav a, til vegsjefane. Vedtaket har denne ordlyden:

«Samferdselsdepartementet har i dag under henvisning til veglovens § 9 første ledd besluttet å delegere myndighet til å bekrefte eierforholdet til riksveggrunn ved egenerklæring etter § 4-1 tredje ledd i lov av 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven) og § 38b bokstav a i lov av 7. juni 1935 nr. 2 om tinglysing til vegsjefane.»

Denne handboka – *Eigedomsinngrep* – inneheld forutan føresegnene, jfr. kgl. res. av 11. september 1981, òg kommentarar til føresegnene.

Tidlegare føresegner etter veglova § 50, jfr. Kronprinsregentens resolusjon av 15. januar 1965 og kgl. res. av 12. august 1966, blei sette ut av kraft frå den tid dei nye føresegnene tok til å gjelde, 1. oktober 1981.

Føresegner etter veglova § 12 ligg føre som eiga handbok – 077 – VEG-PLANLEGGING.

Vegdirektoratet  
Oktober 1981

**Ansvarleg avdeling:**  
**Planavdelinga**

# INNHALD

Føresegnene .....	7
Kva føresegnene gjeld – kommentar til § 1 .....	9
Avgrensing .....	9
Almenne reglar om eigedomsinngrep .....	9
Minnelege forhandlingar og eigedomsinngrep – kommentar til § 2 .....	11
Plankrav – kommentar til § 3 .....	12
Krav om planvedtak .....	12
Særlege forhold ved bruk av reguleringsplan .....	13
Unntak frå plankravet – kommentar til § 4 .....	15
Forholdet til kommunen – kommentar til § 5 .....	17

# Føresegner om eigedomsinngrep gitt med heimel i veglova

## § 50, 4. ledd

### § 1. KVA FØRESEGNENE GJELD:

Føresegnene gjeld eigedomsinngrep til riks-, fylkes- og kommunal veg etter veglova § 50.

### § 2. MINNELEGE FORHANDLINGAR OG EIGEDOMSINNGREP

Før vedtak om eigedomsinngrep kan gjerast, skal vegstyremakta, eller kommunen i saker som blir fremma etter § 5 første eller andre ledd i føresegnene her, prøve å nå fram til semje med dei inngrepet rårar.

Unntak frå regelen i første ledd kan gjerast når vegstyremakta

- a) ser det som rådlaust å nå fram til semje, eller
- b) finn at saka er av ein slik karakter eller eit slikt omfang at det ikkje ligg til rette for minnelege forhandlingar.

### § 3. PLANKRAV

Vedtak om eigedomsinngrep kan berre gjerast når det ligg føre vedteken detaljplan etter veglova § 12 eller stadfest reguleringsplan etter bygningslova.

Når saka byggjer på stadfest reguleringsplan, kan vegstyremakta gjere vedtak om eigedomsinngrep for riks- eller fylkesveg når kommunen har hatt høve til å uttale seg om forehavingsmaten.

### § 4. UNNTAK FRA PLANKRAV

Regelen om plankrav etter § 3 gjeld ikkje for eigedomsinngrep til

- a) kommunal veg
- b) små inngrep i samband med vedlikehald av riksveg og fylkesveg når arbeidet ikkje har karakter av utbetringsarbeid eller inngår som ein del av slike arbeid.
- c) tiltak utanfor vegområdet, til domes tomt til vegstasjon, brakkeleir, opp-

lagsplass m.v. og uttaks- og produksjonsområde for vegbyggingsmateriale til riksveg og fylkesveg, så langt dette ikkje er i strid med vedtekter i samband med plan etter bygningslova.

- d) vedtak etter § 50 første ledd, siste punktum og § 50 andre ledd.
- e) avgjerd som skjønnsretten tek etter § 50 tredje ledd.

## **§ 5. FORHOLDET TIL KOMMUNEN**

Vegstyremakta skal på vanleg måte gjere vedtak om eigedomsinngrep i saker der kommunen er pålagt å stå for gjennomføringa av eigedomsinngrep til

- a) riksveg med heimel i veglova § 14, og
- b) fylkesveg med heimel i veglova § 15.

Den vegstyremakta som har heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep for riks- eller fylkesveg, kan avtale med kommunen at denne skal stå for gjennomføringa av eigedomsinngrepet.

Pålegg etter første ledd eller avtale etter andre ledd i denne paragrafen gir kommunen fullmakt til å krevje skjønn.

## **§ 6. NÅR FØRESEGNENE TEK TIL Å GJELDE**

Føresegnene her tek til å gjelde frå 1. oktober 1981. Frå same tid trer Kronprinsregentens resolusjon av 15. januar 1965 om «forskrifter om behandling av saker om eiendomsinngrep etter vegloven», og kongelig resolusjon av 12. august 1966 om «endringer og tillegg i forskrifter om behandling av saker om eiendomsinngrep etter vegloven» ut av kraft.



## Kommentarar til føresegnene:

### TIL § 1. KVA FØRESEGNENE GJELD:

#### Avgrensing

Eigedomsinngrep etter veglova er tvangsinngrep til vegformål, jfr. definisjonen i veglova § 49. Desse føresegnene gjeld for eigedomsinngrep etter veglova § 50.

Føresegnene gjeld ikkje for eigedomsinngrep etter veglova § 51 om vegbrot m.v. Førehavingsmåten i samband med vedtak etter veglova § 51 er regulert av ordlyden i siste ledd i paragrafen.

Føresegnene gjeld heller ikkje for eigedomsinngrep etter veglova § 53 om private vegar.

#### Almenne reglar om eigedomsinngrep

Vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50 er eit forvaltningsmessig enkeltvedtak. Føresegnene inneheld ikkje almenne reglar om saksførehavinga i samband med slike vedtak. Dette blir regulert av forvaltningslova, jfr. veglova § 11.

Ved førebuing av eit enkeltvedtak, til dømes om eigedomsinngrep, gjeld forvaltningslova § 16 om førehandsvarsling til dei som blir råka av inngrepet, og § 17, første ledd, om den utgreiingsplikta forvaltningsorganet har. Etter § 17, andre og tredje ledd, har forvaltningsorganet i visse høve plikt til å informere partane om opplysningar som ligg føre i saka.

Med heimel i forvaltningslova § 11, andre ledd, har Justisdepartementet den 16. desember 1977 gitt føresegner om forvaltningsorgan si rettleiingsplikt i høve til partane i saka. Vedtak om eigedomsinngrep vil oftast byggje på vedteken detaljplan etter veglova § 12 eller stadfest reguleringsplan. Når dette er tilfelle, vil kravet i forvaltningslova § 17, første ledd, om utgreiing av saka, i utgangspunktet vere oppfylt gjennom førehavinga av planframlegget. Kravet om utgreiingsplikt vil såleis berre få noko direkte å seie for vedtak om eigedomsinngrep i saker som blir fremma med heimel i unntaksreglane i føresegnene § 4.

I utgangspunktet skal det gjevast særskilt førehandsvarsel, jfr. forvaltningslova § 16, ved vedtak om eigedomsinngrep. I den enkelte saka kan det likevel vere slik at partane har fått fullnøyande varsel gjennom saksførehavinga i samband med planlegging og minnelege forhandlingar. Dette vil måtte vurderast konkret.

## KOMMENTARAR

I ei sak der det, med grunnlag i vedteken detaljplan, har vore ført forhandlingar som har munna ut i ein klar konklusjon om at eigedomsinngrep er einaste løysinga, må vegstyremakta i regelen kunne gjere dette vedtaket utan særskilt førehandsvarsling. Forholda vil likevel kunne vere slik at det òg i desse tilfella vil kunne vere rett å gi førehandsvarsel.

Når det går ei viss tid frå planvedtak og minnelege forhandlingar til det skal gjerast vedtak om eigedomsinngrep, bør det gjevast særskilt førehandsvarsel. Det same vil gjelde når vegstyremakta i samsvar med føresegnene § 2, andre ledd, kjem til at det ikkje skal førast minnelege forhandlingar. Særleg grunn til å gi førehandsvarsel vil det vere når vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50 skal gjerast på grunnlag av reguleringsplan.

I samband med varsel om detaljplanvedtak vil det ofte høve å gjere merksam på at planvedtaket gir vegstyremakta grunnlag til å gjere vedtak om eigedomsinngrep.

Før det blir gjort vedtak om eigedomsinngrep i saker der det ikkje krevst planvedtak, skal partane få eige førehandsvarsel.

Vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50 kan påklagast etter reglane i forvaltningslova, kap. VI. Vedtak av formannskap for kommunal veg kan ikkje påklagast, jfr. veglova § 11 og forvaltningslova § 28, 2. ledd.

I samband med vedtak etter veglova § 50 er det grunn til å minne om at planvedtak kan påklagast av partane i saka. Dersom vedtaksorganet, klageinstansen eller anna overordna organ ikkje fastset noko anna, kan vedtak om eigedomsinngrep likevel gjerast før klagebehandlinga i samband med planvedtaket er avslutta, jfr. forvaltningslova § 42, 1. ledd. – Viss det sidan blir søkt om å starte arbeidet før skjønn er halde, jfr. oreigningslova § 25, vil løyve i regelen ikkje bli gitt før klaga over detaljplanvedtaket er behandla.

I samsvar med veglova § 50 er det vegstyremakta som i kvart tilfelle fastset kva for eigedomsinngrep som «trengs til bygging, utbetring, vedlikehald og drift» av offentlig veg. Føresegnene innheld ikkje noko som får innverknad på slike avgjerder.

Med heimel i veglova § 9 delegerte Samferdselsdepartementet den 20. januar 1965 styremakt til å gjere vedtak etter veglova § 50 for riksvog til vegsjefane, jfr. rundskriv nr. 6/65 V. På samme måten har vegsjefane seinare i stor utstrekning fått delegert styremakt til å gjere vedtak om eigedomsinngrep for fylkesveg. Desse føresegnene gjer ingen endringar i dette.

## TIL § 2. MINNELEGE FORHANDLINGAR OG EIGEDOMSINNGREP

Både i samband med planlegging og grunnerverv til vegformål er det viktig å oppnå god kontakt med dei som eig grunn og rettar i det området der vegen skal byggjast. Forhandlingar om erstatning m.v. er ein naturleg og viktig del av denne kontakten. Det må leggjast stor vekt på å få til minnelege avtalar.

Etter føresegnene er hovudregelen at vegsjefen ikkje kan gjere vedtak om eigedomsinngrep, før minnelege forhandlingar er prøvde. I visse tilfelle kan det gjerast unntak frå dette kravet. Vegsjefen må for kvar enkelt sak vurdere om føresetnadene for å gjere slikt unntak er til stades.

Omfattande og juridisk kompliserte saker kan vere vanskelege å løyse gjennom minnelege forhandlingar. I slike saker kan det vere rett å sløyfe forhandlingane. Det same gjeld når grunneigarane, mellom anna på grunn av store reguleringar, ikkje godtek dei planane som er vedtekne. På same måten kan det vere rett å sløyfe minnelege forhandlingar for alle som blir råka av inngrepet, når det er klart at ein del av desse ikkje vil godta ei minneleg løysing. Grunngevinga i siste tilfellet vil først og fremst vere at alle som er partar i saka, bør behandlast mest mulig likt.

Reglar for kva vekt det skal leggjast på minnelege forhandlingar, finn vi òg i samband med annan oreigningslovgeving. Såleis er det ved kgl. res. av 2. juni 1960 fastsett denne føsegna med heimel i oreigningslova § 29:

For samtykket til eiendomsinngrep blir søkt, og før spørsmålet om inngrep for statens rekning blir tatt opp, bør det i almennelighet være gjort forsøk på a komme til minnelig ordning.

Det er antatt at oreigningslova § 29 gjeld ved eigedomsinngrep etter veglova, jfr. Ot.prp. nr. 53 (1961–62), side 42, jfr. elles oreigningslova § 30, pkt. 44.

Forholdet mellom minnelege forhandlingar og eigedomsinngrep er òg vurdert i forarbeida til veglova. På side 109 i innstillinga frå Veglovkomitéen av 1951 heiter det at komitéen i sitt framlegg til skjønnsreglar

ikke har tatt inn noe *krav* om at det alltid foran ekspropriasjonsskjønn skal være forsøkt truffet en minnelig overenskomst om betaling. Derimot er det komitéens bestemte forutsetning at dette alltid blir gjort. Et formelt krav i selve loven om forsøkt overenskomst innebærer den betenkelighet at det

## KOMMENTARAR

kan bli oppfattet som en nødvendig forutsetning for at ekspropriasjons-skjønn skal kunne avholdes og føre til diskusjon om det har vært ført konkrete forhandlinger og om eieren har avvist en minnelig ordning.

I Ot.prp. nr. 53 (1961–62) Om ny veglov heiter det på side 92.

..... departementet [vil] erklære seg enig med Veglovkomiteén i dens forutsetning ..... at det alltid søkes truffet en minnelig ordning ved eiendomsavståelse m.v. om betaling av erstatning, slik at skjønnsprosedyre kan unngås.

### TIL § 3. PLANKRAV

#### Krav om planvedtak

Før det kan gjerast vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50, skal det i utgangspunktet liggje føre ein plan for det tiltaket som skal gjennomførast. Unntak frå denne regelen går fram av føresegnene § 4, og desse vil bli behandla nedanfor.

I denne samanhengen bør det nemnast at reglane om plankrav ved eigedomsinngrep og gjeld som vilkår etter den fullmakta vegsjefane har til å gjere avtalar med grunneigarar og rettshavarar i samband med grunnerverv. Vegsjefen kan såleis i hovudsak ikkje inngå slike avtalar utan at det ligg føre godkjend plan.

I samband med minnelege forhandlingar gjeld det likevel unntak frå desse reglane ved bruk av midlar som skal kunne disponerast særskilt for sikring av grunn og rettar i framtidige vegliner m. v. I desse tilfella kan det gjerast avtalar om grunnerverv etter særlege fullmakter utan at det ligg føre planvedtak.

Etter føresegnene er detaljplan etter veglova § 12 og reguleringsplan etter bygningslova formelt sett sidestilt som grunnlag for vedtak etter veglova § 50. Detaljplan må vere vedteken i samsvar med dei føresegnene som til kvar tid gjeld etter veglova § 12. Reguleringsplan må på same måten vere stadfest eller, dersom krav om stadfesting ikkje gjeld, vedteken etter dei reglane som er gitt i eller med heimel i bygningslova.

Når eit vegprosjekt blir fremma med heimel i stadfest reguleringsplan, ligg det føre oreigningsheimel både i veglova og bygningslova. Vegstyremakta, jfr. veglova § 9, kan gjere vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50, medan kommunen har direkte rett til oreigning etter bygningslova § 35, 1. a.

Føresegnene inneber at spørsmålet om kva for oreigningsheimel som skal nyttast, skal avgjerast i samråd mellom vegsjef og kommune. Dette følgjer av føresegnene § 3. 2. ledd, som fastset at kommunen skal ha høve til å uttale seg før vegsjefen på grunnlag av stadfest reguleringsplan gjer vedtak etter veglova § 50 for riks- og fylkesveg.

Det normale vil vere at vegsjefen ikkje har høve til å gjere vedtak etter veglova § 50 i desse sakene viss kommunen går imot dette. I slike tilfelle må vegsjefen leggje vinn på å oppnå eit best muleg samarbeid med kommunen ved fremming av saka etter bygningslova.

Under føresetnad av at vegsjefen har heimel til å gjere vedtak etter veglova § 50 for riks- og fylkesveg, vil vegsjefen under skjønnet stå som saksøklar på vegne av stat eller fylke. Dette gjeld òg når vedtak om eigedomsinngrep blir gjort på grunnlag av stadfest reguleringsplan. Dersom bygningslova § 35, 1. a. blir nytta som oreigningsheimel, vil kommunen bli saksøklar. Vegsjefen kan berre få status som hjelpeintervenient.

På bakgrunn av at staten normalt har det økonomiske ansvaret for grunnerverv til riksvegformål, vil det frå vegsjefen sin synsstad, reint prosessuelt, vere naturleg at desse sakene blir fremma med heimel i veglova § 50. Dette vil likevel ikkje vere det einaste momentet som tel når spørsmålet skal avgjerast.

### **Særlege forhold ved bruk av reguleringsplan**

Fremming av vegprosjekt som reguleringsplan etter bygningslova vil i første rekkje vere aktuelt i byar og tettstader. Av omsyn til mellom anna bygningar og andre faste installasjonar som må rivast eller flyttast, er desse sakene ofte så kompliserte at det er uråd å realisere prosjekta, utan at kommunen aktivt tek del i arbeidet med førebuing og gjennomføring av grunnervervet. Dette gjeld i like stor grad når saka blir fremma med heimel i veglova § 50 etter vedtak av vegsjefen, som når kommunestyret/formannskapet nyttar sin direkte oreigningsrett etter bygningslova § 35, 1. a.

Så langt råd er, bør det alt på planstadiet avklarast korleis arbeidet med gjennomføring av grunnervervet skal organiserast. Dette vil særleg vere viktig når saka ligg slik an, at kommunen heilt ut bør stå for gjennomføringa av grunnervervet med heimel i bygningslova.

På denne bakgrunnen bør hovudregelen vere at vegsjefen ikkje utan vidare gjer vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50 på grunnlag av stadfest regu-

## KOMMENTARAR

leringsplan. Før ein kjem så langt, bør det liggje føre ein avtale mellom vegstyremakta – vegsjefen – og kommunen om korleis arbeidsoppgåver og ansvar i samband med gjennomføring av grunnervet skal fordelast.

Dette er eit vilkår som ikkje vil gjelde allment, men berre for saker der vegsjefen finn det nødvendig for gjennomføringa. Om dette er tilfelle, bør vegsjefen vurdere i god tid før oreigningsvedtak skal gjerast. Venteleg vil det, i desse sakene, berre vere i unntakstilfelle at det ikkje på ein eller annan måte er behov for bistand frå kommunen ved gjennomføring av grunnervet.

Så langt det er nødvendig, bør det leggjast vekt på å nå fram til ein avtale som gjer det muleg å gjennomføre saka på akseptabelt vis.

Dersom det skulle vise seg uråd å nå fram til ein avtale mellom vegsjef og kommune, vil venteleg grunnlaget for å gjere vedtak etter veglova § 50 i mange tilfelle falle bort. Gjennomføring av prosjektet vil dermed kunne bli avhengig av at kommunen nyttar sin oreigningsrett etter bygningslova og står som saksøklar. Dette vil eventuelt kunne skje etter pålegg frå Vegdirektoratet med heimel i veglova § 14.

Ut over det som har med grunnervet å gjere, vil det i samband med slike vegprosjekt òg kunne oppstå behov for å regulere visse økonomiske forhold gjennom avtale mellom vegstyremakt og kommune. Såleis vil prosjekta til dømes kunne føre med seg tiltak på tilgrensande vegnett som gjer at kommunen bør ta ein del av kostnadene. Desse spørsmåla bør vurderast i samanheng med avtalar mellom vegsjef og kommune om gjennomføring av grunnervet. Det vil venteleg bli meir og meir aktuelt å sjå samanhengen mellom planlegging, grunnervet og finansiering av kombinerte prosjekt.

I det minste for større saker kan det vere naturleg å sette ned arbeidsgrupper med representantar for vegsjef og kommune for å arbeide ut eit framlegg til avsvarfsdeling, og elles få førebudd og gjennomført grunnervet.

Nedanfor er det gitt oversyn over dei forholda som er viktigast med omsyn til kommunal medverknad i slike saker:

- Eit vegprosjekt vil ofte gå inn som ein del av ein større reguleringsplan, og det kan vere naturleg å utvide eigedomsinngrepet til areal utanfor vegen. Dette vil kunne tale for at heile saka, riksvegen inkludert, blir fremma av kommunen med heimel i bygningslova § 35.

- I samband med utbygging av riksveg kan det høve å byggje ut anna vegnett i området. Omdirigering av trafikken i anleggstida kan gjere det nødvendig med forsterkning av eksisterande kommunalt vegnett. Slike spørsmål må løysast i samarbeid med kommunen.
- Dersom veganlegget fører til at bustadhus eller anlegg for industri og anna næringsverksemd må rivast, vil det i praksis oftast vere nødvendig å stille erstatningstomter eller leiligheter til disposisjon. Dette vil berre sjeldan kunne løysast utan bistand frå kommunen. Det same gjeld når det må skaffast mellombels husvere for dei som blir råka av inngrepet, eller lokale for industriverksemdar o.l. i ein overgangsperiode.
- Ved hjelp av eigedomsregister, målebrev m.v. må kommunen skaffe oversyn over grunneigarar og eigedomsgrenser i området. Sameleis må kommunen hjelpe til med å greie ut kor store areal som skal ervervast frå dei enkelte eigedomane. Ved frådeling av dei areala som er erverva, trengst det bistand frå kommunen.
- Når vegprosjekt kjem i konflikt med eksisterande kommunale anlegg, bør kommunen trekkjast inn i samband med planlegging og gjennomføring av omleggingar slik at dette mellom anna kan bli sett i samanheng med framtidig arealbruk i området.

### TIL § 4. UNNTAK FRÅ PLANKRAV

I visse tilfelle gjeld ikkje kravet etter føresegnene § 3, 1. ledd, om at det skal liggje føre vedteken detaljplan/reguleringsplan før det kan gjerast vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50. Unntaka er tekne inn i føresegnene § 4. Det må understrekast at oppstillinga i underpkt. c ikkje er utfyllande.

Unntak frå kravet om vedteken plan inneber ikkje at saka kan fremmast utan planlegging. Som nemnt under § 1. i desse kommentarane, gjeld forvaltningslova §§ 16 og 17 om førehandsvarsling til dei som blir råka av vedtaket, og om forvaltningsorganet si utgreiingsplikt. Dette fører til at vegstyremakta så langt det kan tenkjast å oppstå interessekonflikt. mellom anna må leggje saka fram for andre offentlege organ og instansar. Langt på veg inneber dette vanleg planbehandling for desse sakene òg.

## KOMMENTARAR

Som utgangspunkt kan det seiast at unntaket frå plankravet berre tyder at det ikkje trengst noko eige planvedtak. Etter at saka er førebudd, kan ein gå direkte på vedtak om eigedomsinngrep.

Etter underpkt. a er eigedomsinngrep til kommunal veg unntekte frå plankravet. Dette samsvarar med at veglova § 12 berre gir heimel til å gi føreseger om planlegging av riks- og fylkesveg. Dei planomgrepa som er instituerte etter veglova § 12, gjeld såleis ikkje for kommunal veg.

Ordinært vedlikehald vil i hovudsak ta sikte på å oppretthalde eksisterande standard eller føre vegen attende til tidlegare standard. Dette vil oftast kunne løysast innanfor eksisterande vegområde, men det kan bli nødvendig med små eigedomsinngrep. I regelen vil desse inngrepa ikkje gå ut over andre interesser enn grunneigaren sine.

Det er gjort unntak frå plankravet ved små eigedomsinngrep i samband med vedlikehald av riks- og fylkesveg, jfr. underpkt. b. Saksførebuinga vil venteleg i stor mon kunne innskrenkast til førehandsvarsling av den eller dei som blir råka av inngrepet.

Unntaket etter underpkt. b vil mellom anna kunne gjelde små inngrep som trengst for å sikre den vanlege 3-meters-sona langs eksisterande veg. Vilåret er at dette er nødvendig av omsyn til vedlikehaldet, til dømes for å rette oppatt grøftesystemet, og at det ikkje blir sett i verk med sikte på utbetring av vegen.

Når unntaksregelen for små inngrep i samband med vedlikehald av riks- og fylkesveg skal nyttast, er det såleis viktig å vere merksam på at unntaket både er knytt til omfanget og karakteren av inngrepet.

Plankravet gjeld heller ikkje for tiltak som vegstyremaktene kan setje i verk ut over det som kan reknast som offentleg vegområde. Døme på dette er nemnde i underpkt. c. Opplistinga er ikkje utfyllande, men er innskrenka til typiske tiltak som massetak, vegstasjonar osv. i samband med riks- og fylkesveg. Heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep, gir ikkje vegstyremaktene høve til å byggje til dømes vegstasjonar, utan at saka på vanleg måte har vore behandla av mellom anna bygningsmyndighetene.

Gjennom til dømes generalplanvedtekt kan det vere fastsett at slike tiltak ikkje kan setjast i verk utan at det ligg føre stadfest reguleringsplan. Er dette tilfelle, fell regelen om unntak frå plankravet bort.



Dette vil innebere at det ikkje kan gjerast vedtak om eigedomsinngrep for til dømes massetak eller vegstasjonar, utan at dette er i samsvar med stadfest reguleringsplan. Reglane om oreigningsheimel etter veglova § 50 gjeld tilsvarende.

Når det gjeld tiltak etter pkt. d) og e) i paragrafen her, som er unntatt frå plankravet, vil det som nemnt, langt på veg vere nødvendig med planbehandling også i slike saker.

Det er lagt til grunn at § 2 andre ledd i oreigningslova om interesseovervekt gjeld ved vedtak om eigedomsinngrep etter desse føresegnene. I samsvar med § 6 i oreigningslova er kravet til sekundær oreigning etter § 50 i veglova, at «skaden og ulempene då alt i alt vert monaleg mindre». Minimumskravet til dokumentasjon blir ivaretatt ved at §§ 16 og 17 i forvaltningslova gjeld direkte og at § 12 i oreigningslova blir nytta analogisk. § 15 i oreigningslova blir gjort gjeldande direkte i spørsmål om fordeling av kostnader i samband med saksførebuing etter desse føresegnene.

Når skjønnnet gjer vedtak etter § 50 andre ledd, skal § 13 i oreigningslova nyttast direkte.

## TIL § 5. FORHOLDET TIL KOMMUNEN

Kommunen kan etter veglova §§ 14 og 15 bli pålagt å stå for gjennomføringa av grunnerverv til riks- og fylkesveg, jfr. føresegnene § 5. Dessutan har «den vegstyremakta som har heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep», med andre ord i dei fleste tilfella vegsjefen, høve til å avtale med kommunen at denne skal gjennomføre eigedomsinngrepet, jfr. føresegnene § 6, andre ledd. Dette siste gjeld allment, men vil særleg kunne vere aktuelt når kommunen er blitt palagt å bere ein del av utgiftene til grunnerverv for riksveg etter veglova § 21, 3. ledd, eller når fylket etter veglova § 24 har sett som vilkår for arbeid på fylkesveg at kommunen dekkjer utgiftene til grunnerverv.

Utan særleg delegasjon etter veglova § 9 vil kommunale styremakter ikkje ha heimel til å gjere vedtak etter veglova § 50 for anna enn kommunal veg. I saker der grunnervervet skal gjennomførast av kommunen etter føresegnene § 5, første eller andre ledd, må vegsjefen saleis i regelen gjere vedtak om eigedomsinngrep på vanleg mate, så langt dette er nødvendig.

## KOMMENTARAR

Når det er avgjort at kommunen etter føresegnene § 5, første eller andre ledd, skal stå for gjennomføringa av grunnervet for riks- eller fylkesveg, treng ikkje kommunen særskilt fullmakt for å krevje skjønn med heimel i vegsjefen sitt vedtak om eigedomsinngrep, jfr. føresegnene § 5, tredje ledd. Det er nok at det ligg føre ein dokumentasjon for at kommunen skal stå for gjennomføringa på vegne av vegstyremakta.

Dersom til dømes formannskapet i den aktuelle kommunen etter delegasjon har heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep for fylkesveg, vil det vere formannskapet som er «vegstyremakt» etter føresegnene § 5, første og andre ledd. I slike tilfelle vil føresegnene § 5, første ledd ikkje innebere anna enn at formannskapet gjer vedtak etter veglova § 50, medan § 5, andre og tredje ledd naturleg nok ikkje får noko å seie, så lenge formannskapet sjølv er vegstyremakt.

For riksveg vil spørsmålet om kommunen skal trekkjast inn for å gjennomføre grunnervet på vegne av vegstyremakta, venteleg først og fremst bli aktuelt i byar og tettstader. Hovudregelen vil i desse tilfella vere at planlegginga skjer etter bygningslova som reguleringsplan. Dersom kommunen i desse tilfella skal stå for gjennomføringa av grunnervet, anten dette er etter pålegg med heimel i veglova § 14 eller etter avtale med vegstyremakta, vil det vere naturleg at kommunestyret nyttar sin direkte oreigningsrett etter bygningslova § 35, 1 a. Dermed vil saka falle utanfor desse føresegnene som regulerer saksbehandlinga for saker der det blir gjort vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50.

Elles kan det visast til det som er sagt om samarbeid mellom vegsjef og kommune under «Særlege forhold ved bruk av reguleringsplan» i desse kommentarane.

Føresegnene regulerer ikkje behandlingsmåten i samband med anke og skjønn. Når kommunen gjennomfører saka på vegne av vegstyremakta, anten dette skjer med heimel i veglova eller bygningslova, bør det samrådst i spørsmål om anke. Gjeld det riksvegsaker der Staten skal dekkje grunnervet, bør vegstyremakta avgjere om skjønn skal ankast. Korleis desse spørsmåla skal løysast innanfor ramma av reglane i Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 kap VI, bør avtalast med kommunen før arbeidet med saka tek til.

Vegdirektoratet  
Håndboksekretariatet  
Boks 8109 Dep,  
Oslo 1  
Tlf. 02-206050